

Infoskriv om e-sport på Liljevatnet

Operation Archery E-sports Øygarden held til på Liljevatnet, i lokala til kulturskulen. Vi starta med regelmessige e-sporttreningar i mai 2023. No er vi ferdige med pilotfasen av prosjektet og går over i ein fase der vi gjer treningstilbodet kjent for aktuelle aldersgrupper i nærområdet. Dette blir ein fase der vi utvidar aktiviteten og inkluderer fleire i treningstilbodet vårt.



Bilete som viser treningslokalet vårt med fleire av spelarane i aktivitet med trening i Fortnite.

Tilbod til sjuandeklassingar

To av dei tre spela vi trenar på og konkurrerer i, er spel med anbefalt aldersgrense 12 år. Det er grunnen til at vi har sett sjuandeklasse som det nedre trinnet for å vere medlem i klubben per i dag.

Dei aller fleste medlemene er i dag elevar ved Brattholmen skule, men vi meiner det er naturleg å rekruttere nye medlemer frå heile Littlesotra. Derfor går vi no ut med informasjon om treningstilbodet vårt til alle sjuandeklassingane ved dei fire skulane og håpar at Liljevatnet kan bli ein naturleg møteplass for e-sportinteresserte gutter og jenter.

E-sport for både jenter og gutter

Sjølv om alle spelarane i klubben i dag er gutter, er det ingenting i vegen for at jentene trenar i lag med dei. I konkurransar kan gutter og jenter delta på det same laget eller konkurrere mot kvarandre både i seriespel og turneringar.

Seriespel i nystarta vestlandsliga

Klubben har delteke med fleire lag i ein nystarta vestlandsliga i Fortnite. I år er det planlagt oppstart av ein tilsvarande liga i Overwatch 2. Begge desse nye ligaane blir arrangert av det regionale e-sportforbundet vårt, Vestlandet e-sport (sjå [Vestlandet e-sport \(vesp.no\)](http://Vestlandet e-sport (vesp.no))).

Vil tilby spelarane to treningar i veka

Våren 2023 starta vi med seks PC-ar og to treningar i veka. Utover hausten utvida vi aktiviteten til tre, og seinare fire, treningsdagar i veka: éin dag med Overwatch 2, to dagar med Fortnite og éin dag med Minecraft. No har vi utvida til ti PC-ar i øvingslokalet, og vi har fått tilskot til å utvide med ytterlegare tre PC-ar i løpet av første kvartal 2024. Spelarane kan i utgangspunktet velje seg ut dei dagane eller spela som passar best, slik at dei kan delta på to treningar fast per veke. No når vi gjer treningstilbodet kjent for aktuelle spelarar i nærområdet, er det ikkje sikkert vi kan tilby plass til alle. Kanskje må nokon stå på venteliste og smette inn på ledige PC-ar når ein av dei faste spelarane melder forfall til trening.

Alle treningane inkluderer fysisk aktivitet i gymsalen

Treningane varer i to timer, som er fordelt mellom e-sportaktivitet (1,5 time) og fysisk aktivitet i gymsalen (0,5 time). Alle e-sporttreningane inkluderer fysisk trening, sidan dette er viktig for helsa, for å prestere digitalt, men òg for å bygge samhald på ein meir tradisjonell og velprøvd måte. No når vi utvidar aktiviteten, vil vi også ha behov for fleire frivillige vaksne til å hjelpe oss med både e-sportdelen og den fysiske delen av treningane.



Bilete som viser gymsalen på Liljevatnet.

Treningstidene våre dette skuleåret

Måndagane kl. 17-19: Overwatch 2

Onsdagane kl. 17.30-19.30: Fortnite

Torsdagane kl. 17-19: Minecraft

Fredagane kl. 17.30-19.30: Fortnite

Vi har ledige plassar måndagane (Overwatch 2) og torsdagane (Minecraft). Det er per i dag fullt på treningane i Fortnite (onsdag og fredag), men her går det an å setje seg opp på venteliste og kome med på trening dersom nokon av dei faste melder forfall. Dessutan får vi snart på plass tre nye PC-ar, og dermed tre ekstra plassar på kvar trening.

Fortnite-turnering om fredagane

I løpet av våren vil vi i tillegg kome i gang med fredagsturneringar i Fortnite. Turneringane vil vi organisere slik at endå fleire kan bruke PC-ane på Liljevatnet om fredagane.

Ledig treningstid

Det er også ei ledig treningstid tysdagane, så det er veldig kjekt om nokon har lyst til å starte opp eit nytt lag og ta denne treningstida i bruk. Vi har eit krav om at det alltid skal vere minimum to vaksne per trening, så då må minst to personar melde seg for at vi kan starte opp aktivitet i den ledige treningstida. Dersom vi får til eit nytt lag som trenar tysdagane, vil spelarane på dette laget få førsteprioritet til å delta på ei trening nummer to, sidan målet vårt er at alle i klubben skal ha tilbod om to treningar i veka. Vi vil uansett bidra på dei første tysdagstreningane for å gjere det så enkelt som råd å kome i gang. No har vi prøvd oss fram ei stund og funne ut kva som fungerer i treningssamanhang.

Medlemskontingent

Årskontingenen blir fastsett på årsmøtet og vil vere på nokre hundrelappar. Grunna gode avtalar med kommunen, og at utstyret er nedbetalt med midlar vi har fått i tilskot, har vi ikkje så mykje utgifter å dekke inn. Medlemskontingenen vår skal ligge godt under kontingenen til andre sportsklubar i kommunen.

Utstyr og forkunnskapar

PC-ane våre er av topp kvalitet for e-sport. Vi har alt av datautstyr tilgjengeleg for bruk i øvingslokalet, inkludert gode tastatur og muser til alle PC-ane. Spelarane står fritt til å ta med si eiga gamingmus eller sitt eige tastatur på trening, dersom dei er vande med å bruke akkurat dette utstyret og helst også vil bruke det i trening og konkurranse.

Det er ingen krav til forkunnskapar. Vi spelar med tastatur, og ikkje konsollstyring, så det er ein fordel å ha spelt med tastatur før – men ikkje eit krav. Det vi derimot kjem til å sette krav til, er oppførsel og språkbruk. No har vi eit kjempegodt miljø, med ei positiv og lærevillig spelargruppe. Å oppretthalde det gode miljøet er eit sentralt mål for oss no når vi utvidar tilboden. Nye spelarar må tolke å bli stilt krav til når det gjeld oppførsel og generell språkbruk. Slik sett er det ikkje sikkert at treningstilboden vårt vil passe for alle.

Ta kontakt med oss

Vi har laga eit nettbasert skjema for å halde oversikt over kven som er interessert i dei ulike treningsdagane og kven som er interessert i fredagsturneringa i Fortnite. Det enkleste og beste for oss er derfor om du tek kontakt gjennom å bruke dette spørjeskjemaet, som vi har laga ved å nytte EasyQuest: <https://survey.easyquest.com/StkK8H>

Elles er det berre å ta turen innom og snakke med oss i treningstida. Då er det best å kome innom på onsdagstreninga i Fortnite, sidan vi ventar litt med oppstart av både Overwatch 2 og Minecraft denne sesongen - til vi har fått fylt på med nye spelarar. Du kan også nå oss på oae.oygarden@gmail.com

helsing

Magnus Torvik

Operation Archery E-sports Øygarden



OPERATION ARCHERY
E-SPORTS